




**KOORDINERANDE EINING KINN KOMMUNE.  
STRUKTURERT TVERRFAGLEG OPPFØLGINGSTEAM.  
KOORDINATORROLLA. INDIVIDUELL PLAN.**

---

---



### **1. Koordinerande Eining.**

Koordinerande eining i Kinn kommune er ei tverrfagleg samansett faggruppe som skal sikre brukarane sine rettar til koordinator og individuell plan. Tildeling skjer etter søknad med svar ut som enkeltvedtak. Eininga har systemansvar for opplæring til koordinatorar både i Sampro (verktøy for individuell plan), og i koordinatorrolla. Koordinerande Eining har rådmann si mynde til å utpeike koordinator. Tilsette i eininga er sjukepleiar, fysioterapeut, barnevernspedagog, sosionom, lege og helsesjukepleiar. Eininga skal bidra til gode tverrfaglege og samordna tenester for brukarar med langvarig behov for koordinerte tenester. Eininga skal implementere metodikken strukturert fagleg oppfølgingsteam i alle tenester. Omgrepet oppfølgingsteam erstattar i denne kontekst omgrepet ansvarsgrupper.

For brukarar som er innan primærkontaktsystemet, det vil seie pasientar som har tenester i kombinasjon frå : fastlege – omsorgstenesta. Fastlege – fysio/ergo. Fastlege rus/psykiatri vert eksisterande primærkontaktsystem nytta som oppfølgingsteam, og ein i oppfølgingsteamet rundt pasienten vert utnemnd som koordinator.

### **2. Strukturert tverrfagleg oppfølgingsteam**

Personar med store og samansette behov med hjelp frå to eller fleire tenester har rett til å få tenestene sine koordinerte. Mange av desse har behov for oppfølging av eit strukturert tverrfagleg oppfølgingsteam. Oppfølgingsteamet vert leia av ein koordinator. Gjennom oppfølgingsteam som ei integrert arbeidsform i alle tenester er målet at alle pasientar/brukarar i målgruppa uansett alder, diagnose og funksjon skal få oppfølging tilpassa den enkelte. Samansetnaden i oppfølgingsteamet er

dynamisk utifrå brukaren sine behov. Fastlegen har ei medisinskfagleg koordineringsrolle. Rammer for strukturert tverrfagleg oppfølgingsteam følg lovkrav om individuell plan og koordinator

Døme på pasientar og brukarar med store og samansette behov, ikkje uttømmande.

- Definert fysisk eller psykisk helseutfordring.
- Vedvarande utfordringar knytt til nedsett evne til læring.
- Samansette symptom knytt til generell nedsett helsetilstand og kronisk smerte.
- Nedsett syn og hørsel.
- Rusmisbruk.

### **3. Begrepsavklaring Koordinator.**

Koordinator-omgrepet vert nytta i ulike samanhengar. I denne samanheng omhandlar koordinatorrolla det arbeidet som ein namngitt person skal gjere i høve koordinering av den tverrfaglege innsatsen Kinn kommune har ovanfor ein namngitt brukar som er blitt tildelt oppfølgingsteam.

Det skal bli tilbydd ein koordinator i alle saker der det er to eller fleire hjelpeinstansar involvert i det tverrfaglege arbeidet.<sup>1</sup>

I saker som involverer to eller fleire hjelpeinstansar, og brukar har store og samansette behov for bistand bør det opprettast strukturert tverrfagleg oppfølgingsteam. Dersom brukar ønskjer at det vert oppretta Individuell Plan skal dette bli vedtatt av Koordinerande Eining som forvaltningsorgan. Koordinator vil ha hovudansvaret for den Individuelle planen. Tid til koordineringsarbeid skal avklarast med eigen tenesteleiar.

### **4. Kven er koordinator.**

Tverrfaglege vurderingar og skjønn skal ligge til grunn for val av koordinator. Når brukar og/eller pårørande har ønskjer om kven som skal vere koordinator, skal ein ta omsyn til dette. Alle tenester skal ha personar som har fått opplæring i koordinator-rolla, eventuelt sørge for at personar som er aktuelle som koordinatorar får naudsynt opplæring. Alle tilsette i både skule, barnehage, helsestasjon, skulehelsetenesta, omsorgstenestene, psykisk helseteneste, fysio- og ergoterapi, nav, barnevernstenesta, og PPT er aktuelle som koordinatorar. Barnevernstenesta har ulike fasar i sitt arbeid. I undersøkingsfase ved spørsmål om omsorgsovertaking er det ikkje hensiktsmessig at fagperson frå barnevernstenesta har koordinatoransvar. I saker som omhandlar fosterheimsbarn, vil barnevernstenesta vere naturleg koordinator. I saker som omhandlar eldre med vedtak om helsehjelp (til dømes bistand frå heimetenestene) er det naturleg at ein av brukars primærkontakter vert koordinator. Det same gjeld for brukarar i bu-og miljøtenestene.

Døme på vurderingskriterie for val av koordinator:

- Tidsaspekt: Kor lenge vil tenesta vere aktiv/delta i det tverrfaglege samarbeidet i oppfølgingsteamet ?
- Fagleg fokus: Kva er hovudfokus i brukar sitt behov ? Opplæring ? somatisk helse? psykisk sjukdom ? arbeid og aktivitet ? livsløpsperspektiv eller kortare perspektiv på hjelpetenestene mm.
- Kontinuitet: Kva instans vil ha best moglegheit til å ivareta kontinuitet i arbeidet ? særskilt aktuelt i overgang barnehage/skule. Skule/skule.

### **5. Oppnemning av koordinator.**

Ingen faginstansar kan fråskrive seg ansvaret for koordinator-arbeid. Dersom ein instans opplever stort press i høve koordinatorarbeid, skal ein ta dette opp med nærmaste leiar – ikkje i møte med brukar

---

<sup>1</sup> Skular og barnehagar vert ikkje definert som hjelpeinstans i førstelinjetenesta, men dei har ei sentral rolle i ein brukars kvardag, og dei er både sjølvagte og viktige samarbeidspartnarar i det tverrfaglege samarbeidet. Tilsette i skule og barnehage og støttetjenester kan tildelast rolla som koordinator.

eller pårørende. Koordinatorande Eining har forvaltningsansvaret og rådmann si mynde til å utnemne teneste som skal avgje koordinator.

#### **6. Kva inneber koordinator-rolla.**

Koordinator skal ha eit særskilt ansvar for å sjå til at det tverrfaglege samarbeidet – oppfølgingsteamet- fungerer hensiktsmessig etter brukar sine behov. Koordinator vil være brukar/pårørende sin kontaktperson i det tverrfaglege samarbeidet. Koordinator skal ivareta at målsetjingar i det tverrfaglege samarbeidet vert evaluert etter oppsett plan.

Koordinator er hovudansvarleg for å kalle inn til tverrfaglege samarbeidsmøter i oppfølgingsteamet, være møteleiar og utpeike referent. I tilfelle det det i tillegg og er Individuell Plan ( Sampro som verktøy) har koordinator ansvar for å koordinere planen. Øvrige tenesteytarar i oppfølgingsteamet har ansvar for sine fagområde i Sampro, og eit sjølvstendig ansvar for å nytte verktøyet både som individuell plan og som samhandlingsverktøy.

#### **7. Skifte av koordinator.**

Fagpersonar som har hatt koordinator-ansvar kan etter ei tid få ei noko meir perifer rolle i høve brukar sine behov. Det kan då vere naturleg med skifte av koordinator. Fungerande koordinator har hovudansvar for å gjere naudsynte faglege vurderingar i høve forslag til ny koordinator. Forslaget skal meldast til Koordinatorande Eining, som tar endeleg avgjerd om koordinatorbytte.

#### **8. Individuell Plan.**

Individuell plan er ei skjematisk oversikt over hjelpebehov og hjelpetiltak for kortsiktige og langsiktige mål for brukaren. Kinn kommune nyttar elektronisk Individuell Plan – Sampro. Ingen tenesteytarar kan bli fritatt frå å nytte verktøyet – om brukar ønskjer verktøyet.

Planen skal:

- Bidra til eit heilskapleg, koordinert og individuelt tilpassa tenestetilbod.
- Tilpassast behova til den einskilde brukar.
- Sjå framover, og beskrive både langsiktige og meir kortsiktige mål.
- Vere eit levande verktøy for å vurdere og koordinere tiltak som kan bidra til å dekke brukaren sine behov.
- Bidra til å styrke samhandlinga mellom tenestene og brukar, eventuelt pårørende, og mellom tenesteytarar og etatar på tvers av forvaltningsnivåa.
- Utarbeidast ilag med brukar eller eventuelt pårørende

#### **Kontakt Koordinatorande Eining Kinn kommune ved leiar:**

Trude Gulbranson. Epost: [trude.gulbranson@kinn.kommune.no](mailto:trude.gulbranson@kinn.kommune.no).

Telefon: 480 80 537

Besøksadresse: Rådhuset 4. etasje. 6900 Florø

Postadresse: Koordinatorande eining, Kinn kommune. Postboks 314. 6702 Måløy.